Vestnorsk fjordlandskap

Dei sameinte nasjonane sin organisasjon for utdanning, vitskap og kultur · Vestnorsk fjordlandskap

Glacier Bay, Alaska, 9. september 2019.

# PRESSEMELDING.

*Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskriven på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremje verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.*

## Signering av samarbeidsavtale mellom verdsarvområda Glacier Bay National Park, Alaska, og Vestnorsk fjordlandskap, Norge.

Fjord- og verdsarvområda Glacier Bay, Alaska, ved National Park Service og Vestnorsk fjordlandskap ved Verdsarvrådet, signerte laurdag 7. september ei felles samarbeidsavtale framfor Lamplughbreen.

**« Det er virkelig ei historisk stor hending at desse unike verdsarvområda no formelt styrkjer samarbeidet med føremål ivareta og utvikle dei framifrå flottaste fjordlandskapa på kloden», melder leiar av Verdsarvrådet Arne Sandnes.**

Samarbeidsavtala er resultat av ein prosess som starta etter ei oppmoding frå UNESCO sitt Verdsarvsenter i Paris og fyrste innleiande kontakt i 2010. Denne kontakten la igjen grunnlaget for ei vitjing  frå Glacier Bay til Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet i 2015 og med påfylgjande vitjing frå Vestnorsk fjordlandskap i 2016. Sistnemnde var sterkt motiverande for Verdsarvrådet sitt pådriv mot nasjonale styremakter og Sjøfartsdirektoratet for ei betre forvaltning av verdsarvfjordane. Dette har så langt har resultert i eit regelverk som strengare regulerer utslepp til sjø og luft frå m.a. cruiseskipa.

I tillegg til eit mål om betre styring av cruiseindustrien i ei miljø- og berekraftig retning har samarbeidsavtalen ambisjon om å styrke forvaltninga av verdsarvfjordane gjennom utveksling av kunnskap og røynsler knytt til m.a. formidling/ interpretasjon, involvering av barn og unge samt lokalsamfunnsutvikling/ samarbeid mellom ei rekkje ulike aktørar.

Kontaktinfo:

- Arne Sandnes, leiar Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, arne.sandnes@norddal.kommune.no tlf: +47 976 69 990.

- Erling Oppheim, verdsarvsekr., erling@naroyfjorden.no, tlf: +47 95 17 25 95.

- Katrin Blomvik, verdsarvsekr., katrin@verdsarvfjord.no , tlf. +47 95 42 73 90.